

*Særtrykk fra*

---

namn  
og nemne

---

Tidsskrift for  
norsk  
namnegransking

---

6-1989

# Striden om normering av stadnamn i etterkrigstida

Motiv, handlingar og motsetnader

*Av Oddmund Løkensgard Hoel*

## 1. INNLEIING

Skal det heita *Majorstuen* eller *Majorstua*, *Sneaasen* eller *Snåsa*, *Røkland* eller *Rokkland*? I over 150 år har vi i Noreg krangla om korleis stadnamna skal skrivast. Namnestriden har vorte sedd på som eit utskot og ein mindre viktig del av målstriden, og han har i stor grad kome i skuggen av dei store kampane om skulemål og rettskrivingsendringar. Like fullt er det få saker som i så stor grad har fått fart på adrenalinet og jaga folk på barrikadane. Eg vil våga den påstanden at alle i Noregs land har sterke og kompromisslause meiningar om skrivemåten av eitt eller anna namn.

Utan dansketida hadde namnestrid truleg ikkje vore interessant i Noreg i dag. Det er nettopp freistnadene på å gjeva alle feilskrivne og radbrekte namneformer frå dansketida ei (filologisk) fornuftig skriftform og ynsket om å føra namneverket over på norsk målgrunn att som har sett sinna i kok. Strid om skrivemåten av stadnamn hadde det sikkert vore her heime sjølv om vi ikkje hadde lege under ei framand makt i fleire hundre år, men då kunne ein truleg heller ikkje knytt namnestriden til så interessante nasjonale, kulturelle og ålmennpolitiske motsetnader som vi kan i dag.

Dette er ikkje eit hipp-hurra for dansketida. Det fær andre taka seg av (sjå t.d. Torp 1982:175). Eg vil berre slå fast at namnestriden har vore ein viktig del av norsk kulturstrid og at han framleis er det.

Namnestrid har det altså vore sidan det nye Noreg tok til å leita etter ein nasjonal identitet fyrst på 1800-talet. I namnestriden slik vi kjenner han i dag, finn vi langt på veg dei same argumenta og mange av dei same motsetnadene som for 150 år sidan. Likevel har oppfatninga av striden endra seg på denne tida. Kring 1830 var det ikkje så lett å neitta for at striden stod mellom norsk og dansk mål, og framand og heimleg kultur. I dag er det ikkje mange som ser slik på namnestriden. Det er i det heile ikkje så lett å finna ein klår og grei hovudmotsetnad i namnestriden i dag.

I denne artikkelen vil eg sjå på namnestriden i etterkrigstida, og mykje av føremålet har vore å klårleggja motsetnadene i namnestriden i dag. Dette vil eg gjera gjennom å trekkja trådane attover i tida og sjå striden i etterkrigstida i høve til striden i mellomkrigstida, då frontane var klårare og perspektiva vidare.

I den fyrste delen av artikkelen prøver eg å sjå på korleis innarbeidde vanar og generelle haldningar til kultur og mål har verka inn på namnestriden. I den etterfølgjande delen (pkt. 3) går eg meir konkret inn på striden om ulike normeringsprinsipp. Der har serleg motsetnaden mellom streng normering og målførenære skrivemåtar av stadnamna vore interessant.

Eg har avgrensa artikkelen til å gjelda striden om korleis namna skal skrivast. Difor har eg ikkje gått inn på striden som har vore om samiske stadnamn, namnekonulentordninga, eigedomsretten til gardsnamna og spørsmålet som kven som skal fastsetja skrivemåten av stadnamna. Denne avgrensinga skuldast ikkje eit personleg syn på kva som er viktig. Eg trur samane sin kamp for sin eigen kultur, sitt eige språk og sine egne namn faktisk kan gjeva oss 'vanlege' nordmenn større forståing for kva nasjonal og kulturell identitet har å seia for å stå imot press utanfrå (noko vi ikkje akkurat har vore flinke til dei siste 600 åra). Kven som skal fastsetja skrivemåten på stadnamna og kva slags namnekonulentordning vi skal ha, er òg sers viktige spørsmål – kan henda like viktig som korleis lovverk og føresegner vert sjåande ut. Likevel gjev ikkje motsetnadene om desse punkta full meining før ein har den djuptgripande og underliggjande motsetnaden i namnestriden klårt for seg.

Det er ikkje skrive noka samla framstilling av norsk namnestrid sidan Gustav Indrebøs *Norsk namneverk* i 1927. Det er heller ikkje skrive mykje anna om namnestriden sidan den tid, sjølv om det er skrive mykje i han. Eg har difor hovudsakleg måtte gjera mine egne etterrøkingar i det som er sagt og skrive som innlegg i striden. Eg har særleg nytta Stortings-forhandlingar, offentlege utgreiingar og ymist skrive av fagfolk. Til god hjelp har òg arkivet til Samarbeidsnemnda for namnegransking vore.

## 2. TRADISJON OG VANE I NAMNESTRIDEN

### 2.1. Skiljet sernamn/samnamn

I språkvitskapen vert det skilt klårt mellom samnamn (appellativ) og sernamn (proprium) (Stemshaug 1985:9). Stadnamna er typiske sernamn som ikkje er ord i vanleg forstand, og namna er meir lausleg knytte til skriftmålet enn samnamna. Likevel er det i mange høve uklåre skilje mellom stadnamna og vanlege ord, og er det uklårt for fagfolk, er det ikkje klårare for vanlege folk.

Det at namna er sernamn, er nok årsaka til at mange vil lata andre skrivereglar enn dei som gjeld for skriftmåla, gjelda for stadnamna. Det er nok òg årsaka til at striden om skrivemåten av stadnamn delvis har hatt eit anna utgangspunkt enn rettskrivingsstridane som har vore. Stadnamna har i langt større grad enn vanlege ord eigenverd som spesielle symbol. Det er knytt mykje sterkere kjensler til namnet *Haug* enn til samnamnet *haug*, og det gjer namnestriden i endå sterkere grad enn den tradisjonelle målstriden til ein strid om symbol, identitet og kjensler.

Likevel er dei nasjonale og kulturelle undertonane dei same, og dei aller fleste ser på striden om normeringsprinsippa for stadnamn som ein parallell til målstriden (bokmål/nynorsk/målføre). Eg kan ikkje sjå at skiljet sernamn/samnamn har vore sentralt i namnestriden, og eg vil heller ikkje skilja klårt i denne artikkelen, av di eg er redd for at det vil løyna dei reelle motsetnadene som finst. Namnestrid er og blir målstrid.

## 2.2. Strid om innarbeidde namneformer

Namnestriden starta på 1800-talet som ein klårt nasjonal strid. Danske og feilskrivne namneformer som var innarbeidde i skrift, stod opp mot dei rotekte, norske namneformene som på den tida berre fanst i norsk tale (målføra).

Namnestriden vert i dag vanlegvis ikkje oppfatta som ein nasjonal strid mellom norsk og dansk, og motsetnadene er ikkje så klare som for 100 år sidan. Likevel er det ein motsetnad som har heilt klare liner, det er motsetnaden mellom dei som ville – og vil – brigda namneverket og dei som aldri har vilja det.

### 2.2.1 Dei som vil brigda namna

Hovudsakleg to grupper har ynskt å gjera brigde i namneverket etter dansketida. Det er fagfolka (stadnamnfilologane) og målfolket. Det er ofte eit uklårt skilje mellom desse to gruppene, men eg skil mellom dei av di ikkje alle målmenn er fagfolk og ikkje alle fagfolk er målmenn. Dette må seia at dei har ulike grunnar for å gå inn for å brigda dei innarbeidde skrivemåtane.

Mellom fagfolk har kulturminneprinsippet alltid stått sterkt og vore utgangspunkt for ynsket om brigde i namneverket. Dei har alltid sett på stadnamna som viktige fornminne som ein må taka vare på for framtida (som materielle kulturminne). På grunn av dei mange feilskrivningane og forvanskingane frå dansketida, har fagfolka prinsipielt rekna den nedervde målføreforma som det viktigaste kulturminnet, ikkje skriftformene frå dansketida (sjå t.d. NOU 1983:6:55).

Ut frå dette grunnsynet må namna få skriveformer som syner den historiske rota og samstundes tek vare på uttala i dag. Desse to omsyna er motstridande,

og usemja om kva ein skal leggja vekt på, kjem eg inn på seinare i artikkelen. Men fagfolk har alltid ynskt å brigda skriftformene på feilskrivne namn sjølv om dei er godt innarbeidde i vanleg målbruk.

Sjølv om fagmiljøa alltid har hatt mange nynorskbrukarar og målfolk, er ein av dei fremste i norsk namnegransking, Oluf Rygh, eit godt døme på det motsette. I motsetnad til målmennene normerte Rygh namna etter dansk (riksmål), men han var sers oppteken av å retta opp etymologisk galne former. Statens namnekonsulent for bokmål, Eyvind Fjeld Halvorsen, er eit godt døme på ein fagmann i dag som målpolitisk langt på veg har delt synspunkta til riksmålsfolket, men som i namnespørsmål har vore ein sterk talsmann for kulturminnesynspunktet (sjå t.d. Halvorsen 1966).

Målfolket har i prinsippet hatt ein annan innfallsvinkel. Namnestriden har for dei vore ein strid for å gjeva fordanska namn norsk skrivemåte. Dei har sett namnestriden som ein del av striden for å byta ut dansk mål med norsk, og dei har oppfatta motstanden mot brigde av namneverket som eit forsvar for dansken (t.d. tingmannen Knut Strand i *S.tid.* 1956:2325).

Personar som går inn for å brigda namn, vil eg difor setja inn i dei to båsane 'fagfolk' og 'målfolk', sjølv om dette ofte er båsar med sers uklåre skilje.

### 2.2.2. Dei som vil ha namna slik dei er

På den andre sida står dei som ikkje ynskjer å brigda namneverket, spesielt ikkje namn som etter kvart har fått ein solid skrifttradisjon bak seg. Eg deler motmennene opp i to grupper etter kva eg meiner ligg bak motstanden. Den eine gruppa er mot brigda på grunn av vane og innarbeidd praksis og har ikkje teke eit medvite målpolitisk standpunkt. Den andre gruppa er dei som er mot brigde av målpolitiske grunnar. Også her kan det vera uklåre skilje, men eg skal freista å gjera klårt kva hovudtrekk eg meiner skil dei to gruppene frå kvarandre.

'Vanegruppa' ser ut til å vera den største av desse to gruppene. Utgangspunktet er temmeleg forståeleg: Kvifor brigda namneformer som er godt innarbeidde og fungerer bra i den forma dei har? Korleis kan t.d. ei vanleg husmor (eller i og for seg ein siviløkonom) utan filologisk utdanning vera samd i at det er viktig å endra namneforma *Skjetnemarka* til *Sjetnmarka* dersom *Skjetnemarka* (bydel i Trondheim) er ei fast innarbeidd skriftform (førelekken i orden kjem av gno. *seti* m.)? Utgangspunktet for eit slikt syn er at stadnamna hovudsakleg har ein praktisk og kommunikativ funksjon, og resultatet vert at dei praktiske føremonene og ulempene fær mykje å seia for det standpunktet folk tek. Sidan det ofte fører med seg ein del praktiske konsekvensar å brigda eit namn, tykkjer ofte denne gruppa at det mest fornuftige vert å halda på den inn-

arbeidde forma. Det kan og koma til meir tilfeldige og eigentleg uvesentlege moment som fær mykje å seia. Ola Stemshaug (1969:344) meiner at reaksjonane ofte må forklarast «... meir som emosjonelle enn rasjonelle handlingar». At motstanden mot – i mange høve sjølvsgade – brigde av stadnamn skuldast innarbeidd praksis, skulle seia at likesæla er eit stort problem for dei som av ulike grunnar vil byta ut rådande skrivemåtar, og at desse ikkje har nådd nok ut med den politiske grunngjevinga for kvifor namnebrigdet dei talar for, faktisk er naudsynt. Difor må likesæla reknast som eit politisk problem for dei som går inn for å retta opp feilskrivne og fordanska namneformer.

Viktig er det òg at innarbeidde skriftformer ofte kjennest like heimlege og naturlege, sjølv om dei ikkje er etymologisk riktige eller fylgjer vanleg skrive-måte. Mange som ikkje har så mykje fagkunnskap på området, reknar òg skriftforma som det vesentlege og ser på uttaleforma som ei forvanska utgåve av den 'rette' skriftforma. Vyrnaden for det skrivne er stor på dette området òg. Når den innarbeidde skriftforma har grodd fast som 'rett' form og vorte ein del av den lokale identiteten, vert det kjenslemessige sperrer mot å brigda namnet.

Dette har nok vore eit lett argument å ty til for dei som har målpolitiske motiv bak motstanden mot namnebrigde. Riksmålsmannen Fredrik Norman (1987:36) skriv t.d. om namnekonsulentane sine freistnader på å retta opp ein del feilskrivne former på Jotunheimkarta: «Destruksjonen er freidig rettet mot de mest kjente navn, slike som har vært i hevd og i kjær erindring i hundre år.» (Sjå òg Sigrid Utkilen i *S.tid.* 1969-70:2783 og ei Arendalsavis sitert i tinget i *S.tid.* 1954:494.) Sjølv om dei som argumenterer sterkast mot sjølvsgade namnebrigde ofte ikkje har så mykje greie på den filologiske sida av det dei talar om, er dette noko ein absolutt må taka omsyn til om ein vil brigda namn.

Sjølv om bokmåls- og riksmålsfolk nok har utgjort overvekta av 'vanefolka', er ikkje vanesyntet noko som plasserer folk i bestemte målpolitiske leirar. Det er eit syn som kan vera like utbreidd mellom målfolk, noko tingmann Romundstad nemner i lagtinget i 1936 (*L.tid.* 1936:126).

Vaneargument er òg brukte systematisk av dei som har (mål)politiske motiv for å gå mot brigda. Difor kan det vera vanskeleg å skilja mellom dei som er mot brigde av gamal vane og dei som løyner målpolitiske motiv bak motstanden mot oppnorsking og oppretting av namneverket. Denne siste gruppa av motmenn vil verta nærare omtala under vurderinga som fylgjer av dei konkrete strids-punkta.

Eitt av dei viktigaste skilja i namnestriden i dag er nok skiljet mellom meiningmann og fagmann.

### 2.3. «Historisk og nasjonalt forsvarleg»

Eit mykje nytta omgrep som har skapt strid, er omgrepet «historisk og nasjonalt forsvarleg». Omgrepet er nytta i offentlege stadnamn-føresegner fyrste gong i 1933. I skylddelingslova frå 1909 vart «historisk *eller* nasjonalt forsvarleg» lagt til paragraf 24 i 1936, medan varianten med «og» kom att i føresegnene frå 1957. Omgrepet vart inngåande diskutert i høgsterettsdomen frå 1961.

«Historisk og nasjonalt forsvarleg» er i seg sjølv eit upresist omgrep som ikkje gjev mening utan at ein veit kva dei som tok det i bruk, la i det. Omgrepet fekk innhaldet av dei som utetter 1800-talet ville føra namneverket attende til norsk målgrunn. Målfolket fyrst på 1900-talet såg arbeidet med namneverket som eit framhald av dette, og det var årsaka til at omgrepet kom inn i føresegnene. Då omgrepet vart teke inn i skylddelingslova i 1936, var grunngevinga at skrivemåten skulle fylgja «... det heimlege etter gamal bygdeuttale, det historiske so framt ein då hadde gamal norsk og ikkje gamal dansk tradisjon.» (*L.tid.* 1936:126). Ein liknande definisjon kom tidlegare namnekonsulent, arkivsjef Per Hovda, med i Oslo Byrett i 1959 (*Høgsterett* 1961: 183). «Historisk og nasjonalt forsvarleg» kan slik eg ser det, ikkje tyda noko anna enn at namna skal fylgja norske (ikkje danske, tyske m.m.) skrivereglar og at etymologien ikkje vert galnare enn naudsynt.

Dette punktet har naturleg nok vore ein torn i auga på riksmålsfolket, noko høgsterettsadvokat Wilhelm Münter Rolfsen (1965:364) (styremedlem i Riksmålsforbundet i 50-åra) syner:

«Også riksmålsfolk har et rimelig krav på selv å få velge og beholde det navn på sine eiendommer som de ønsker uten derfor å bli stempet som nasjonalt eller historisk mindreverdige personer.»

Høgsterettsdomarane var mykje samd med Rolfsen, og dei heller kunne ikkje sjå at namneformer som *Fredskjær* (for Fresjer), *Huggenes* (Hoggenes), *Bjerketvedt*, *Sperbund* (Sperrebotn) og *Oust* (Ost) var nasjonalt og/eller historisk uforsvarlege. Ei lang problematisering av omgrepet gjorde at ein etter høgsterettsdomen frå 1961 ikkje kunne skilja juridisk mellom danske og norske og rette og galne namneformer på dette grunnlaget, og såleis miste omgrepet den juridiske funksjonen det tidlegare hadde, som nettopp var å trekkja opp dette skiljet. Lars Korvald tolka deretter høgsterettsdomen dit at namn frå dansketida var nasjonalt og historisk forsvarlege (*S.tid.* 1962-1963:2575). Det kan vel ikkje akkurat seiast å vera i tråd med det synet Gustav Indrebø og dei andre som laga føresegnene hadde.

For riksmålsfolk har omgrepet altså ikkje vore lett å godtaka. Og det er ikkje

det minste rart; skal dei taka omgrepet slik det var meint, vil dei samstundes stempla namneformene og målet dei kjempar for som historisk og nasjonalt uforsvarleg (jfr. Rolfsen 1965).

Sjølv om «historisk og nasjonalt forsvarleg» miste den juridiske funksjonen i 1961, har ordskiftet kring omgrepet fått fram kva striden eigentleg har stått om etter krigen òg: norsk mot unorsk og rett mot rangt.

### 3. NORMERINGA – KORLEIS SKAL NAMNA SJÅ UT?

#### 3.1. Bokmål, nynorsk og jamstillingsiver

Namnestriden vert av mange oppfatta som ein strid mellom bokmål og nynorsk. Årsaka til dette er nok at striden frå gammalt har vore ein strid mellom dansk og norsk og såleis ein strid mellom nynorskfolk og riksmåls-/bokmålsfolk. Stadnamnutvalet (NOU 1983: 6:63) meiner at «.. så lenge det er tale om eit einskapleg namneverk, vil spørsmålet om kva for skriftnormal stadnamna skal følgja, vera aktuelt.»

Nynorsk/landsmål har vore grunnlaget for stadnamn-normeringa i Noreg sidan 1908, og dette har vore lite populært hjå nynorskmotstandarar. Dei har sedd på dette som eit overgrep frå nynorskald, og slik Wilhelm Münter Rolfsen (1965:366) ser det, er det «... åpenbart urimelig å opprettholde slike bestemmelser overfor den sproggruppe i Norge som sogner til riksmålet». Vogt-komiteén (1966:39) meiner at føresegnene har vore kjelde til misnøya i strok med bokmålsdominans, serleg på Austlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg.

I dette høvet har det vore riksmålsfolket som har gått i spissen for språkleg jamstilling, t.d. Rolfsen (1965:366). Ein kan nok ikkje neitta for at Rolfsen har rett i at dette bryt med det språklege jamstillingsprinsippet vi har hatt i Noreg sidan 12. mai 1885 – dersom jamstilling er eit grunnleggjande prinsipp og eit mål i dette spørsmålet.

Ynska om ei prinsipiell jamstilling mellom bokmål og nynorsk i stadnamn-normeringa har serleg etter krigen fått stor oppslutning. Det har vore fleire framlegg til korleis ein skal løysa dette i praksis, og den lina som Stadnamnutvalet strekar opp (NOU 1983:6:65) ser ut til å bli den rådande:

«Ein skal nytta dei sideformer eller valfrie former i gjeldande rettskriving for bokmål og nynorsk som høver med den nedervde, lokale uttalen.»

Riksmålsfolket har kasta inn i ordskiftet at stadnamna skal normerast etter det mest brukte skriftmålet på staden (Vogt-komiteén 1966:64), men dette er eit framlegg som eg ikkje kan sjå at ein einaste fagmann har teke seriøst.



### 3.2. Einskapleg namneverk

Oppnorskingarbeidet som starta på 1800-talet og skaut fart på 1900-talet fram til 2. verdskrigen, hadde to føremål: For det fyrste skulle namna få norsk målbunad, for det andre skulle det gjeva Noreg eit einskapleg namneverk med minst mogleg inkonsekvensar. Stadnamnutvalet (NOU 1983:6:53) reknar framleis eit einskapleg namneverk som eit mål, noko som dei m.a. uttrykkjer gjennom føremålsparagrafen i framlegget til stadnamnlov.

Ein grunn til at dette ynsket tradisjonelt har stått sterkt i Noreg og vore eit nokonlunde *realistisk* mål, er nok at skriftformene av namna her i landet har hatt ei veikare stilling enn i andre land. Etter dansketida har det vore relativt stor oppslutning om krava om oppnorsking, og serleg om oppretting av galne former. Då har ein samstundes kunne nytta høvet til å skjera ned på dei mange inkonsekvensane.

### 3.3. Kvifor står målførelina så sterkt?

Omsynet til eit einskapleg namneverk har vorte tona ned etter krigen til fordel for sterkare målføreinnslag. Målføra har òg hatt større rom i stadnamn-normeringa i Noreg enn i mange andre land. (NOU 1983:6:48 f.) Spørsmålet om kvifor målføra står så sterkt i stadnamn-normeringa vert difor interessant. Eg trur det er tre hovudårsaker til dette: 1) haldningane til riksmålsfolket, 2) målføra si stilling generelt og 3) ynsket om språkfred.

#### 3.3.1. Riksmålsfolket og målføra

Riksmåls- og bokmålsfolk har alltid vore opne for sterke målføreinnslag i stadnamna. Dei har i namnestriden i etterkrigstida synt ein omtanke og ein vyrndad for målføra som kan overgå sjølv dei tradisjonelle målføreforkjemparane. (Sjå elles t.d. stortingsordskiftet om språksaka 19. mai 1970 *S.tid.* 1969-70:2762, 2783).

Ein kan spørja seg kvifor riksmåls- og bokmålsfolk er så venlege til målføra i namnespørsmålet. Det er ikkje denne gruppa i målstriden som tradisjonelt har vore forkjemparar, korkje for målføra i munnleg målbruk eller målføreinnslag i riksmål/bokmål. Eg trur vi må attende til byrjinga av dette hundreåret for å finna svaret.

I 1912 gjorde namnekonsulentane på den tida, Marius Hægstad og Hjalmar Falk, framlegg om at namn på kart skulle skrivast «i stedets dialekt med landsmaalets rettskrivning». Dette gjekk sjølvsaugt Riksmålsforbundet sterkt imot. Stadnamna hadde til då vore normerte mot dansk/riksmål, og Riksmålsforbundet kravde at skrivemåten skulle vera den som galdt for riksmålet til ei kvar tid (Indrebø 1927:124). Dette var namnekonsulentane lite interesserte i, og i

eit brev til forsvarsdepartementet 20. mars 1913 fyrte dei laus med at riksmålet «... paa en række fundamentale punkter» står i mot «... (praktisk talt) samtlige dialekter.» Dei heldt fram med eit åtak på namneformene i matrikkelen frå 1886 og den rådande skrivemåten av stadnamna med å kalla det «... et bedrøvelig mismask av norsk og dansk-norsk, med talrike vilkaarligheter og inkonsekvenser.» Riksmålet var ubrukeleg som rettesnor, meinte namnekonulentane. (Indrebø 1927:194). Dette må ha vorte teke alvorlig hjå riksmålsfolket, og det er ikkje så unaturleg sidan Hjalmar Falk var deira fyrste formann. Etter dette har ikkje riksmål/bokmål vore drege fram i ordskiftet som eit aktuelt normeringsgrunnlag før no i etterkrigstida. No hadde riksmålsfolket att to vegar å velja mellom i normeringa, anten kunne ein skriva namna rett fram etter uttalen (målføra) eller ein kunne normera til nynorsk (landsmål). Riksmålsfolk (unna-teke Hjalmar Falk) valde det fyrste.

Riksmålsfolket var lite glade for at nynorsken vart lagd til grunn for normeringa, men i staden for å krevja normering etter riksmål, kravde dei større rom for målføra. Motstanden mot nynorsken vart altså avgjerande for standpunktet (jfr. Indrebø 1976:193).

Motstand mot nynorsk er nok også i dag hovudårsaka til at riksmålsfolk gjerne vil ha målførenære skrivemåtar av stadnamn. Dette syner seg for det fyrste i haldninga riksmålsfolk har til målføra til vanleg. Dei er korkje spesielt glade for målføre i NRK eller målføre i bokmål/riksmål. Stadnamna er eit spesielt område i så måte, både sidan nynorsken står sterkare der enn elles, og sidan målføresynet til riksmålsfolk er eit heilt anna i dette spørsmålet enn elles. For det andre syner det seg i dømebruken til riksmålsfolk når dei argumenterer for målføre i stadnamna. Her kjem eit lite utval plukka frå stortingsordskiftet 19. mai 1970: Sandvika, Sandviga, Sandvigen (*S.tid.* 1969-70: 2726); -vann og -bunn (for -vatn og -botn), Egersund, Bragerøen, Sognsvann, Tryvann (for Eigersund, Brakerøya, Sognsvatn, Tryvatn) (2761); Drange, Glendrange, Stordrange, Lilledrange (for Drangeid, Glendrange, Stordrange, Litledrange) (2786), og Flødevigen, Slaabervig (for Fløytevika, Slubrevika) (2787). Ein ting er no at namneformene det vert argumentert *mot*, ofte ligg nærare målføreforma (den nedervde, lokale uttala) enn dei formene som vert brukte som døme på målførenære skrivemåtar. Påfallande er det i alle fall at døma har ein tendens til å høva med former i riksmål, bokmål eller dansk.

Gustav Indrebø skreiv i 1932 fylgjande om Riksmålsforbundet si haldning til målføra:

«... dersom det skulde vera brigde: rein dialekt; ikkje 'kneble' målføri med å normalisera etter sernorske målreglar. 'Ti en liten dialekt bør ha

samme ret til at leve som en stor; den bør ikke knebles blot fordi den er liten'. Sidan hev umsuti for målføri halde seg. Dialektane hev vorte gjæve.» (Indrebø 1976:192 f.).

Eg vil hevda at dette gjeld for riksmålsfolk i dag òg.

### 3.3.2. Stillinga til målføra

Noko anna viktig som serleg har hatt noko å seia dei siste 20 åra, er den stillinga målføra har fått her i landet. Dei historiske årsakene til at målføra står så sterkt hjå oss, er dansketida (sjå t.d. Torp 1982:175). Vyrnaden for målføra fekk det største oppsvinget gjennom målførereisinga på 1970-talet, og det er ikkje tvil om at dette har hatt innverknad på synet på stadnamn-normeringa. Målføreforkjemparar har ved sida av riksmålsfolket vore av dei mest ihuga talsmennene for ein målførenær skrivemåte av stadnamn i etterkrigstida.

Knytt til målføra er den lokale identitetskjensla. Det er denne Stadnamnutvalet (NOU 1983:6:59) peikar på under punkt 8.1.1 i utgreiinga. Med målførereisinga har stadnamna i større grad enn før vorte knytte til det lokale målgrunnlaget framfor det nasjonale, og det har i sin tur gått ut over viljen til nasjonal einskap.

### 3.3.3. Språkfred – i namnestriden òg

Det generelle ynsket om språkfred har nok òg hatt mykje å seia for at målføra har fått eit så stort rom i stadnamn-normeringa. Vogt-komitéen vart sett ned i januar 1964 nettopp med det føremålet å avløysa den heftige målstriden som hadde vore med «prinsippet om jamstelling mellom våre målformer og gjen-sidig respekt mellom språkgruppene.» (Vogt-komitéen 1966:3). Ynsket om språkfred har òg fått konsekvensar for namneverket.

Dei som har tala varmt for fred, har teke utgangspunkt i namnestriden som ein strid mellom bokmål/riksmål (riksmålsfolk) og nynorsk (målfolk). Dette gjer m.a. Vogt-komitéen i innstillinga si (1966:39).

Den mest realistiske løysinga på bokmål/nynorsk-striden har vore å slakka av på krava om eit einskapleg namneverk, opna for større målføreinnslag, og så normera etter den hovud- eller sideforma i bokmål eller nynorsk som ligg nærast målføret. Stadnamnutvalet har i utgreiinga teke til orde for regionale samleformer framfor nasjonale.

Ynsket om målfred vert altså i praksis meir målførenære skrivemåtar. I og med at riksmålsfolk har vorte så glade i målføreformer av stadnamn og målrørsla etter 70-åra har vore mykje meir oppteken av «snakk dialekt» enn «skriv nynorsk», kan målførelina samla mange folk frå båe målpolitiske leirar.

### 3.3.4. Oppsummering

Kven av desse tre faktorane har så hatt mest å seia? Hovudårsaka til at namneverket i dag vert meir målførenært, trur eg vi finn i synet til riksmåls- og bokmålsfolket. For å underbyggja dette, vil eg samanlikna namneverket med bokmålet slik det har utvikla seg i etterkrigstida.

Samnorskpolitikken var ein freistnad på å opna bokmålet for målføreinnslag, og då serleg dei austlandske målføra. Såkalla folkemål skulle verta grunnlaget for det nye framtidsmålet. Dette førte til store protestar frå riksmålshald i 50-åra, og det gjorde i sin tur at samnorskpolitikken måtte gjevast opp. Resultatet av dette vart at styresmaktene måtte tillata typiske riksmålsformer att i 1981. Også i vanleg språkbruk har bokmålet vorte meir konservativt dei siste ti-åra.

Namneverket var det òg mykje strid om i 50-åra, men dette har ikkje brigda seg i riksmålslei. Det har tvert imot vorte meir målførenært. Om ein forklarar dette einseitig med målførereisinga på 70-talet, kjem det fram eit unungåeleg spørsmål: Kvifor fekk då målførereisinga så store konsekvensar for namneverket, men ikkje for bokmålet? Eg trur svaret er at den politikken riksmålsrørsla førte i 50- og 60-åra har hatt mykje meir å seia. Riksmålsfolket har langt på veg fått det slik dei ville ha det (konservativt bokmål og målførenært namneverk), så det er denne grupperinga som har spela nøkkelrolla i normeringsstriden òg.

Fredsynsket har nok òg vore ei sterk årsak, men det var i sin tur eit resultat av framferda til riksmålsfolket på 50- og 60-talet. Sjølv om det er denne synsmåten som ligg til grunn for jamstillingssynet i dag, er årsakene attover i tida at riksmålsrørsla protesterte så kraftig på den namnepolitikken som vart ført og fekk gjennom kravet sitt om meir omsyn til målføra i normeringa av stadnamn.

Målførereisinga har sjølv sagt vore ein viktig faktor, men slik eg ser det har ho aldri vore meir enn ein medverkande faktor.

## 4. KONKLUSJON

Stadnamnstriden i dag er i prinsippet eit framhald av den nasjonale striden mellom norsk og dansk som oppstod då dansk mål vart ført inn i Noreg. Namnestriden er òg ein del av den generelle målstriden, og han har langt på veg dei same skilja.

Likevel vert ikkje striden i dag oppfatta som nasjonal, og det er i einskildspørsmål mange ulike synspunkt framme som heller ikkje er lette å identifisera med målstriden.

Namnestriden går føre seg på fleire plan, og det er ulike frontar i ulike spørsmål. Ofte er det usemje om det i det heile er naudsynt å brigda eit namn som har ein viss tradisjon i skrift. Her står usemja som regel mellom dei som ser

på dei nedervde uttaleformene av stadnamna som viktige kulturminne (ofte filologar), og «den menige mann» utan spesiell kunnskap på området. Den siste gruppa ser i slike tilfelle på dei eksisterande skriveformene som dei 'rette', og dei har ikkje sjeldan eit forhold til namnet, sjølv om det har ein etymologisk galen skrivemåte og dansk skriftform. Dei gjer såleis ikkje den nedervde uttaleforma, men dei innarbeidde skriftformene til kulturminnet.

Når striden står om generelle normeringsprinsipp eller han ikkje står om namn med ei innarbeidd skriftform, er det andre frontar. Her står dei som vil normera namna etter nynorsk (slik det har vore vanleg) mot dei som vil ha ei meir målførenær skriftform. Skiljet går mellom riksmålsfolk og målføreforkjemparar på den eine sida og dei tradisjonelle målfolka på den andre sida. Mange av dei som vanlegvis vert oppfatta som målfolk, høyrer til i målføregruppa. Den uvanlege alliansen mellom riksmålsfolk og målføreforkjemparar har oppstått trass i at desse to gruppene har sers ulike prinsipielle utgangspunkt. Riksmålsfolk går inn for normering mot målføre av di dette vil føra til at stadnamn i tradisjonelle riksmålsområde fær ei form som er vanleg i riksmål/bokmål og ikkje i nynorsk (t.d. *vann*, *bunn*), og av di dei vil unngå at nynorsk vert lagt til grunn for normeringa. Målføreforkjemparane arbeider ut frå det grunnsynet at målføra høver over alt, i stadnamna òg. Sidan desse to gruppene som vanlegvis er arge motstandarar i språkstriden har funne kvarandre på dette punktet, står målførelina òg sterkt hjå dei som ynskjer språkfred. Orda til Gustav Indrebø (1976:193) vil eg difor seia gjeld enno:

«Striden um namneverket er ei side av den ålmenne målstriden her i landet. Hovud-fronten i dag er dialekt imot nynorsk.»

### Litteraturliste

- Halvorsen, E. F. 1966: Innstilling om språksaken. (Kronikk i) Dagbladet 12.04.66.  
 Høgsterett 1961 = Dom 11. februar 1961. Norsk Retstidende 1961.146-92.  
 Indrebø, G. 1927: Norsk namneverk. Oslo.  
 Indrebø, G. 1976: Kartverk og stadnamn. G. Indrebø: Kva er målreising? 178-93. Bergen. (Fyrst prenta 1932.)  
 L.tid. = Lagtingstidende.  
 Norman, F. 1987: Navneforvirring på Jotunheimen-kart. Fjell & vidde 1987:2.36.  
 NOU 1983:6 = NOU 1983:6. Stadnamn. Oslo.  
 Rolfsen, W. M. 1965: Navnerett og navnekonsulenter. Rettsregler angående private eiendommers navn. Lov og Rett 1965.358-69.  
 Stenshaug, O. 1969: Stadnamna våre – krangleemne og kulturarv. Syn og Segn 75.340-45.  
 S.tid. = Stortingstidende.  
 Torp, A. 1982: Norsk og nordisk før og nå. Oslo – Bergen – Tromsø.  
 Vogt-komiteén 1966 = Innstilling om språksaken. Oslo.